



Saksframlegg

Utval	Møtedato	Utvalsak
Formannskapet		
Kommunestyret		

Tilskot til forsamlingslokale for Vest- Telemark Muslimske Truendomssamfunn

Vedlegg

- 1 Soknad Tilskot VTMT VinjeKommune 2025 10 20 - sign.pdf
- 2 Pristilbod VillmarksbyggAS.pdf
- 3 Prisforslag VestTelemarkTrossamfunn LandoGroup .pdf
- 4 VTMT Årsrapport 2024 med rekneskapen - sign.pdf

Dokument i saka

Andre uprenta vedlegg til søknaden
Kommunestyresak 111/22

Bakgrunn

Vest-Telemark Muslimske Truendomssamfunn (VTMT) søker om tilskot på inntil kr 2,8 mill. kr. til totalrenovering av den austlege delen av YX-stasjonsbygget i Åmot. Denne delen kjøpte VTMT av Vaagen tomteselskap i oktober.

I søknaden gjer VTMT godt greie for prosessen for å kome i eigne lokaler. Kommunestyret gjorde i desember for tre år tilbake eit positivt vedtak om å medverke til realisering av ein samlingsstad, og søkar har jobba ut frå desse signala. Det same har plan- og miljøutvalet som i sak 76/2025 i møte 18. juni gav dispensasjon og bruksendring til forsamlingslokale.

Vurdering

Hovudsatsingsområdet i kommuneplanen sin samfunnsdel seier at Vinje skal vere ein god stad for alle og at me blant anna skal legge til rette for utøving av alle ulike religionar og livssyn. Det er såleis positivt at VTMT endeleg har funne eit lokale der dei meiner dei vil trivast og som eignar seg til deira bruk.

For å kome i mål vil søkar vere avhengig av kommunal økonomisk bistand. Det ville vore situasjonen for alle lokaliseringalternativa som har blitt vurdert. Tek ein omsyn til kjøpesummen på 2,3 mill. kr. er eigenandelen frå VTMT betydeleg, noko som gjer det lettare for kommunedirektøren å tilrå å stø opp om søknaden.

Eit tilskot på snaue 3 mill. kr. er samstundes eit stort økonomisk bidrag. Kommunens engasjement vil, etter kommunedirektørens vurdering, avhenge av at bygget som skal pussast opp har den tiltenkte funksjonen i lang tid framover. Det er ei sentrumsnær tomt. Dersom eigedomen trass i planane som ligg føre, likevel skulle kome for sal, vil det vere rimeleg at kommunen får ta del i verdiauken. Kommunedirektøren vil tilrå at ein tinglyser ei urådighetserklæring med 10 års horisont.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Vinje kommune imøtekjem søknaden om støtte på inntil 2,8 mill. kr. Inndekning frå disposisjonsfondet. Tilskotet skal tilbakebetalast til kommunen, dersom eigedomen skiftar eigar innan 10 år rekna frå tidspunktet Vest-Telemark Muslimske Truomssamfunn mottok tilskotet.

Vinje kommune tinglyser sikkerheit for tilskotet med pant eigedomen 35/179. Mottakar av tilskotet kan be om fjerning av urådighetserklæringa etter 1.1.2036.